



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 30.01.2018  
**Tid:** 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam  
ordfører



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 13/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 14/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 15/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 11/18	<b>Kommuneplanen sin arealdel – orientering</b>
OS 12/18	<b>Vedtak om grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal - Kjøs og Maurset</b>
OS 13/18	<b>Svar på utspel i avisa Møre laurdag 6. januar frå Rovde Grendalag, Lauvstad og Velsvik grendautval og Innselset og Dravlausbygda grendalag</b>
OS 14/18	<b>Forslag til inndeling i namsdistrikt - Møre og Romsdal</b>

**PS 13/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 14/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**PS 15/18 Orienteringssaker**

## **Formannskapsmøte 30.01.2018**

### **Tema: Kommuneplanen sin arealdel**

Prosjektgruppa for kommuneplanen sin arealdel ynskjer å ha ei orientering for formannskapet 30.01.2018. Tema vil vere gjeldande kommuneplan, innkomne innspel og vidare prosess.

#### 1. Gjeldande kommuneplan

Prosjektgruppa ynskjer å gå gjennom gjeldande kommuneplan med formannskapet. Kva areal er sett av til kva formål i gjeldande plan? I den samanheng er det også relevant å stille spørsmål ved til dømes område som er sett av til utbyggingsformål, men ikkje realisert. Skal slike område vidareførast i den nye planen, eller er det nokre stader aktuelt å tenkje andre arealføremål?

#### 2. Innkomne innspel

Prosjektgruppa for arealdelen har fått inn ei rekke innspel til ny plan. Nokre av desse har vore presentert for formannskapet tidlegare, men ikkje alle. Prosjektgruppa ynskjer å gå gjennom den oppdaterte lista. Prosjektgruppa jobbar med å oppdatere ROS-analysen med nye innspel. ROS-analysen er første trinn i vurderinga av kva forslag til ny eller endra arealbruk det er aktuelt å gå vidare med. Det skal og gjennomførast ei konsekvensanalyse av alle forslag til nye eller endra utbyggingsområde. Dette arbeidet er ikkje ferdig, og administrasjonen har difor ikkje konkludert med kva ein vil tilrå eller ikkje. Prosjektgruppa ynskjer likevel å gå gjennom innspela, slik at politkarane er godt kjent med dei.

#### 3. Vidare prosess

Prosjektgruppa ynskjer å orientere om status for planarbeidet og vidare prosess.



# DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1212-101

12. januar 2018

## Vedtak om grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal

Eg viser til brev av 19. desember frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med fylkesmannens utgreiing og tilråding i saka om grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal, for området Markane (Kjøs krins).

### Bakgrunn

8. juni 2017 vedtok Stortinget samanslåing av Hornindal og Volda kommunar. Det blei samtidig vedtatt at den nye kommunen skal høyre til Møre og Romsdal.

Departementet gav 4. juli 2017 fylkesmannen i oppdrag å greie ut grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal, for området Markane (Kjøs krins). Oppdraget blei gitt etter initiativ frå innbyggjarar i Hornindal, som fremja søknaden til fylkesmannen i august 2016. Søknaden var støtta av om lag 40 underskrifter frå Hornindal.

Det er 89 innbyggjarar i Kjøs krins, noko som utgjør om lag 8 prosent av innbyggartalet i dagens Hornindal. Krinsen utgjør om lag 6 prosent av arealet i dagens Hornindal. Det er to hovudområde med busetnad, Maurset (19 innbyggjarar) og Kjøs (70 innbyggjarar). Det er ingen kommunale institusjonar i krinsen. Frå alle område i krinsen er det kortast veg til sentrum og tenester i Hornindal, på Maurset er denne forskjellen minst (11,8 km til Hornindal, 14,4 km til Stryn).

Ei spørjeundersøking blant innbyggjarane i Kjøs krins gir ikkje eit klart svar på kva kommune innbyggjarane ønsker å høyre til, med 52 prosent for Hornindal og 45 prosent for Stryn i krinsen som heilskap (forskjellane er ikkje statistisk signifikante). I Maurset ønsker 92 prosent å høyre til Stryn, mens i Kjøs ønsker 62 prosent å høyre til Hornindal.

### **Fråsegn frå kommunane**

Kommunestyret i Hornindal fatta 2. november 2017 følgande vedtak:

*Hornindal kommune stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggjarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen.*

Fellesnemnda for nye Volda slutta seg 16. november 2017 til vedtaket frå Hornindal.

Kommunestyret i Stryn fatta 21. november 2017 følgande vedtak:

*Viser til vurderingane i saksutgreiinga og tilrår at grensa mellom Stryn og Hornindal blir justert når Hornindal blir ein del av Volda kommune. Stryn kommune vil tilrår at grensa blir justert slik at ny grense føl fjellkjeda mot nord mellom Stryn og Hornindal frå Gulkoppen til Kjøsahammaren og noverande grense mellom Eid, Stryn og Hornindal mot sør.*

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Fylkesutvalet fatta 22. november vedtak der mellom anna følgande går fram:

*Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget om ei justering av kommunegrensa mellom Hornindal og Stryn kommunar, slik at Kjøs grunnkrins inkl. Markane vert ein del av Stryn kommune.*

### **Fylkesmannens vurdering**

Fylkesmannen tilrår at departementet vedtar ei grensejustering der heile Kjøs krins blir overført frå Hornindal til Stryn kommune. Tilrådinga inkluderer ei justering i området Klypet – Hildehjellen. Fylkesmannen legg avgjerande vekt på:

- å legge til rette for ei god overordna planlegging og ei funksjonell kommune- og fylkesgrense.
- omsynet til å kunne gi effektive tenester til innbyggjarane i heile Kjøs krins i framtida.

Fylkesmannen vurderer at dei økonomiske verknadane som er påviste i saksutgreiinga er klart innanfor det som er forventa løyst gjennom oppgjerreglane og framtidige inntekter og utgifter for nye Volda kommune.

Fylkesmannen har lagt fram forslaga til ny kommunegrense for Kartverket. Kartverket meiner alle alternativa kan leggest til grunn som ny kommunegrense, og at alle alternativa krev ei større eller mindre klarlegging av grenseforløp før dei kan danne ny grense.

### **Departementets vurdering**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert fylkesmannens tilråding og halde møte med kommunane det gjeld. Begge kommunane er einige i at dagens grense ikkje er føremålstenleg, og at det bør gjennomførast ei justering som gjer at grenda Maurset blir flytta frå Hornindal til Stryn. Spørjeundersøkinga viser også at eit klart fleirtal av innbyggjarane i Maurset ønsker dette. Departementet er einig i at det er naudsynt med ei justering av grensa, og at området Maurset bør høyre til Stryn.

Kommunane er ueinige om resten av Kjøs krins bør overførast til Stryn. Innbyggerane i Kjøs får i dag kommunale tenester frå Hornindal. Spørjeundersøkinga viser at fleirtalet av innbyggerane i Kjøs ønsker at det skal halde fram slik. Hornindal ønsker også å fortsette å levere tenester til desse innbyggerane. For innbyggerane i dette området er det kortare veg til sentrum og tenestene i Hornindal, enn det er til Stryn. Når forholda er slik, meiner departementet at det må vere andre særleg tungtvegande argument i saka, dersom også Kjøs skal overførast til Stryn.

Fylkesmannen meiner at ei grensejustering for Maurset vil forskyve delinga av Markane, og ikkje løyse dagens utfordringar med grensa fullt ut. Ei justering slik fylkesmannen anbefalar, er det av alternativa som vil gi størst distanse mellom busetnaden på kvar side av grensa. Men heller ikkje ei justering for Maurset, slik Hornindal foreslår, vil dele ein samanhengande busetnad.

Innbyggerinitiativet viser til at Kjøs og Maurset er integrerte delar av Markane. Spørjeundersøkinga viser likevel at det går eit skilje blant innbyggerane i krinsen mellom Kjøs og Maurset med omsyn til kva for ein kommune dei ønsker å høyre til. Kjøs krins blir i dag først og fremst nytta til statistiske føremål, den har ikkje nokon eigen praktisk funksjon i Hornindal kommune. Den er til dømes avskaffa som skule- og valkrins.

Etter ei samla vurdering av momenta i saka, kan ikkje departementet sjå at det er noko argument som veg så tungt at det krev at også Kjøs må overførast til Stryn. Departementet meiner at løysinga med ei grensejustering berre for Maurset, vil gi ei langt betre grense enn i dag. Denne løysinga vil også fungere som kommune- og fylkesgrense, samtidig som den tar omsyn til ønsket til fleirtalet av innbyggerane i dei ulike delane av Kjøs krins. Departementet meiner dette samla sett må vere avgjerande i denne saka.

### **Vedtak**

Med bakgrunn i tilrådinga til fylkesmannen og med heimel i § 6 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), vedtar Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunegrensa mellom Stryn og Hornindal blir justert slik at Maurset i dagens Hornindal blir ein del av Stryn frå 1. januar 2019. Den nye kommunegrensa følger forslaget frå Hornindal kommune. Statens kartverk, i samråd med dei to kommunane, avklarar det tekniske grenseforløpet for den nye grensa.


Det er ikkje klagerett på endeleg vedtak om grensejustering.

### **Konsekvensar av vedtak**

Reglane om økonomisk oppgjer mellom kommunane er å finne i inndelingslova § 19, jf. Rundskriv H-10/15.

Dette vedtaket går i kopi til Skattedirektoratet, Statens Kartverk og Statistisk sentralbyrå for nødvendig oppfølging. Då den nye grensa også vil utgjere ei fylkesgrense, blir vedtaket også sendt i kopi til dei aktuelle fylkeskommunane og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med helsing



Jan Tore Sanner

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Kartverket  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Skattedirektoratet  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Statistisk sentralbyrå  
Volda kommune

Adresseliste

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN



Rovde grendalag v/ Rolf Dyb, leiar  
Lauvstad og Velsvik grendautval v/ Arne O. Torvik, leiar  
Innselset og Dravlausbygda grendalag v/Jorunn Beate Lillebø Lande, leiar

Dalsfjord, 17.01.2018

Leiar i Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune, Kristin Sørheim

## SVAR PÅ UTSPEL I AVISA MØRE LAURDAG 6. JANUAR

Viser til utspel frå leiar i samferdselsutvalet i avisa Møre laurdag 6. januar angående takstauken på dei ferjestrekningane i fylket som er bruttoanbud. Overskrifta som møtte oss her var ”Auka takst eller færre avgangar”. Utspellet provoserer og framstår som svært lite konstruktivt når oppgåva er å syte for eit godt samferdselstilbod for innbyggjarane og ikkje gjere det vanskelegare å bu i utkantane.

Sørheim uttalar i innlegget at med rabattkort vil auken i takst berre utgjere 7–8 kr pr tur med personbil, og to kroner for passasjerar på Volda-Lauvstad. Med den generelle prisauken på 3 % på toppen har vi fått ei prisauke på 10 kr pr tur (viser til oppstilling under). Dette meiner vi er vesentleg meir enn ein kan akseptere på ei pendlarferje i utkanten av fylket. Takstauken framstår som ei styrt avfolkning av bygdene og utkantane. Viser elles til vårt brev til Fylkeskommunen datert 19.12.2017 vedkomande denne saka.

Den vedtekne takstauken er slik for sambandet Volda – Lauvstad (Inkludert generell takstauke på 3 %):

Ordinær pris:

	2017	2018
<b>Vaksen</b>	42 kr	48 kr
<b>Køyretøy inntil 6 m</b>	115 kr	136 kr

Dette tilsvarar ein prosentvis takstauke på 17 %. Tilsvarande prisstigning på Årvik – Koparnes er på 23 %.

Prisar med rabattkort:

	2017	2018
<b>Vaksen</b>	35 kr	41 kr
<b>Køyretøy inntil 6 m</b>	58 kr	68 kr

Utover dette tillet vi oss å ta med at sambandet Volda-Lauvstad sidan 1.1.2013 har vore i ei takstsonen høgare enn det som er reelt. Takstsonene er baserte på lengda på ferjestrekninga. Snittlengda på strekninga ferja brukar Volda – Lauvstad er 6,8 km (basert på fleire turar med ferja), sambandet skulle såleis vore i takstsonen 7.

Det var med stor undring/overrasking vi las innlegget frå Kristin Sørheim i Møre laurdag 6. januar. At ein fylkespolitikar på leiarnivå uttalar seg slik med ei så klar ansvarsfraskrivelse av virkelegheita er mildast sagt uhørt og det viser vel også at styringa på fylket ikkje kan vere god nok. At ferjedrifta i Møre og Romsdal har vore underfinansiert frå Staten i ei tiårsperiode og at fylket ikkje har fått gehør for sine bekymringar frå korkje regjering eller storting uroar

henne. Etter det vi kjenner til så har ikkje fylket henvendt seg til kommunane om å få støtte for å få auka midlar til samferdsel. Heller ikkje har vi registrert at fylkespolitikarar har vore aktivt ute i media for å få blest om dette.

Sørheim uttalar at ho tykkjer det er godt gjort at ingen hos styresmaktene har reagert på underfinansieringa til no. Grunnen til underfinansieringa er nok meir kompleks enn så. Korleis disponerer Fylket sine midlar er nok eit meir relevant spørsmål her!

At takstauken på nokre (bruttoanbod) ferjesamband skal vere med på å finansiere eit utviklingsprosjekt for buss Ålesund – Giske er totalt meiningslaust og blotta for respekt overfor medborgarane som vert råka av dette. Og at eit toferjeløysing Stranda–Liabygda skal finansierast av folk som bur ein annan stad og som brukar dette sambandet kanskje ein eller to gongar i året, mest sannsynleg ikkje brukar det, er så skammeleg påkome at det manglar sidestykke og fullstendig blotta for respekt.

At Sørheim og co har køyrt fylkeskommunen ut på glattisen må dei rydde opp i sjølve og ikkje skubbe kostnadane over på uskuldige brukarar/medborgarar. Dersom dei ikkje greier å rydde opp i dette, så må dei la andre overta.

Dersom så at ferja som går vert for lita i anbodsperioden og for å bøte på dette må der setjast inn ekstra ferje og brukarane godtek ekstra takstsone så er det for så vidt greit, men det viser heller at utarbeiding av anbodet var for dårleg i og med at ein ikkje kan rokkere med ferjer i anbodsperioden for eksempel å sette inn større ferje. Dette viser at anbod på ferjedrift/hurtigbåtar ikkje passar inn og kostar samfunnet ekstra mykje.

Noko heilt anna vil vere om ei ferjestrekning skal erstattast med ei bru. At det då vert søkt om å få starte bompenginnkreving på det akturelle sambandet før brua er ferdig, er noko heilt anna og vil nok ikkje møte så stor motstand.

**Vi krev at vedtaket vert omgjort. Vi har allereie bidrege i 4 år med ei takstsone meir enn det som er reelt. Strekinga har ei snittlengde på 6,8 km men har likevel vore i sone 8 (inntil 8 km). Som vårt bidrag kan vi gå med på å vere i takstsone 8 fram til neste anbodsperiode, men dette føreset at kostnadane vert fordelt på fleire. Til dykkar info klagar vi vedtaket inn til sivilombodsmannen.**

Med venleg helsing

- Rovde Grendalag v/ Rolf Dyb (leiar)
- Lauvstad og Velsvik grendautval v/Arne Torvik (leiar)
- Dravlaus -og Innselsetbygda grendalag v/ Jorunn Beate Lillebø Lande (leiar)

**Kopi sendt til:** Vanylven kommune, Volda kommune, Synste Møre, Møre, Sunnmørsposten



# POLITIET

Kommunene i Møre og Romsdal

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Deres referanse:  
MNF

Vår referanse:  
201711790-3 000

Sted, Dato  
Ålesund, 05.01.2018

## HØRINGSBREV – INNDELING I NAMSDISTRIKT I MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Møre og Romsdal politidistrikt sender med dette på høring til kommunene i Møre og Romsdal forslag til inndeling i namsdistrikter i politidistriktet. Politimesterens *foreløpige* vurdering er at alternativ 2 hvor distriktet inndeles i fire namsdistrikter fremstår mest aktuelt.

Frist for å sende inn høringssvar er **16. februar 2018**.

Høringssvar kan gjerne sendes inn digitalt til [post.moreogromsdal@politiet.no](mailto:post.moreogromsdal@politiet.no) – merk med vår referanse 201711790.

### Bakgrunn

Med virkning fra 1. april 2018 er Møre og Romsdal politidistrikt inndelt i tre politistasjonsdistrikt og ni lensmannsdistrikt<sup>1</sup>. Disse distriktene er delt inn i fire geografiske driftsenheter. Skjematisk ser inndelingen slik ut:

Geografisk driftsenhet	Tjenesteenhet (politi-/lensmannsdistrikt)	Omfatter flg. kommuner
Nordmøre	Smøla og Aure lensmannsdistrikt	Aure og Smøla
	Halsa og Surnadal lensmannsdistrikt	Surnadal, Rindal og Halså
	Indre Nordmøre lensmannsdistrikt	Sunnal, Tingvoll og Nesset
	Kristiansund politistasjonsdistrikt	Kristiansund, Averøy og Gjemnes
Romsdal	Eide og Fræna lensmannsdistrikt	Eide og Fræna
	Molde politistasjonsdistrikt	Molde, Aukra og Midsund
	Vestnes og Rauma lensmannsdistrikt	Vestnes og Rauma
Nordre Sunnmøre	Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt	Haram, Ørskog, Skodje, Stordal, Norddal og Sandøy
	Ålesund politistasjonsdistrikt	Ålesund, Giske og Sula
Søre Sunnmøre	Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt	Stranda, Sykkylven, Volda og Ørsta
	Søre Sunnmøre lensmannsdistrikt	Vanylven, Herøy og Sande
	Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt	Ulstein og Hareid

<sup>1</sup> Inndelingen er fastsatt ved forskrift av 13.01.17 - FOR-2017-01-13-159

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT


Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 Ålesund  
E-post: [post.moreogromsdal@politiet.no](mailto:post.moreogromsdal@politiet.no)

Tlf.: 70118700  
Faks: 70118892

Org. nr.: 983998585  
[www.politi.no](http://www.politi.no)

Justisministeren har besluttet den overordnede organisasjonsmodellen for politidistriktene<sup>2</sup>.

Organisasjonsmodellen i de nye politidistriktene skal understøtte de overordnede målsetningene for politireformen og legge til rette for at politiets samfunnsoppdrag kan løses på en god måte. Den besluttede overordnede organisasjonsmodellen skal sikre en enhetlig og mer standardisert organisering i de nye politidistriktene.



Figur 5 Overordnet organisasjonsmodell for de minste politidistriktene

Politidistriktet er som følge av dette gitt i oppdrag å etablere Felles enhet for utlending, forvaltning og sivil rettspleie (FUFSR) med en namsfogd som leder av seksjon for sivil rettspleie. Etter forhandlinger mellom politidistriktet og de lokale fagforeningene er det enighet om at namsfogden i distriktet er steds plassert i Ålesund.

Namsfogden skal ha ansvaret for sivil rettspleie innenfor et eget geografisk område og fagansvar for sivil rettspleie for hele politidistriktet. Den funksjonelle enheten skal sørge for fagutvikling og faglig styring av sivile rettspleieoppgaver i politidistriktet, ivareta ansvaret for effektivitet og kvalitet i tjenesteproduksjonen, og kunne støtte namsmannsfunksjonen i de geografiske driftsenhetene.

Etter politiloven § 17 er utgangspunktet at den enkelte lensmann eller politistasjonssjef er namsmann i sitt distrikt med mindre oppgaven ivaretas av en namsfogd. Namsmannen har ansvaret for politiets sivilrettslige gjøremål i sitt distrikt (bl.a. tvangsfullbyrdelse, gjeldsordningssaker, sekretariat for forliksrådet mv.).

Ved lov 11. mai 2017 ble det åpnet for at Kongen kan bestemme at en lensmann, politistasjonssjef eller namsfogd kan ivareta oppgaven som namsmann for flere lensmanns- og politistasjonsdistrikter i samme politidistrikt.

Kongens myndighet til å fastsette inndelingen i namsdistrikter er delegert til Justis- og beredskapsdepartementet ved kongelig resolusjon 1. september 2017. Justis- og beredskapsdepartementet har i brev av 14. september 2017 delegert myndigheten videre til Politidirektoratet.

<sup>2</sup> Brev fra Justis- og beredskapsdepartementet 17.02.2016: Overordnet organisasjonsmodell i politidistriktene - beslutning

## **Alternative modeller for inndeling i namsdistrikt i Møre og Romsdal pd.**

Organiseringen av namsmannsoppgavene skal understøtte gode publikumstjenester innenfor sivil rettspleie, med hensyn til kvalitet og kompetanse, effektivitet og service. Et overordnet perspektiv i utførelsen av arbeidet er å sørge for at partenes rettssikkerhet ivaretas. Andre perspektiver er rett kvalitet, lik behandling og en trygg og effektiv oppgaveløsning.

Med dette som utgangspunkt har tre alternative modeller for organisering av den sivile rettspleien i Møre og Romsdal vært vurdert:

- **Alternativ 1**

Møre og Romsdal politidistrikt organiseres i 12 namsdistrikt tilsvarende nye politistasjons- og lensmannsdistrikt, hvorav Ålesund politistasjonsdistrikt utgjør ett namsfogdsdistrikt som er organisatorisk plassert ved FUF SR v/seksjon for sivil rettspleie.

- **Alternativ 2**

Møre og Romsdal politidistrikt organiseres i fire namsdistrikt tilsvarende nye geografiske driftsenheter, hvorav driftsenhet Nordre Sunnmøre utgjør ett namsfogdsdistrikt som er organisatorisk plassert ved FUF SR v/seksjon for sivil rettspleie

- **Alternativ 3**

Møre og Romsdal politidistrikt organiseres i ett namsdistrikt som er organisatorisk plassert ved FUF SR v/seksjon for sivil rettspleie.

## **Foreløpig vurdering av alternativene**

### Alternativ 3

Med kun ett namsdistrikt i hele Møre og Romsdal politidistrikt vurderes som det minst aktuelle alternativet i denne omgang.

En praktisk konsekvens av inndelingen er at hvert namsdistrikt vil få kun én postadresse for all inngående brevpost (begjæringer, søknader, forliksklager mv.). Dette innebærer ikke at alle saker må saksbehandles på dette stedet, men posten må i utgangspunktet åpnes og arkiveres/registreres der slik at det blir tilgjengelig i saksbehandlingssystemet som benyttes. Det er per i dag ikke nok sivilt ansatte ved seksjon for sivil rettspleie i Ålesund til å kunne håndtere all inngående post innenfor sivil rettspleie for hele politidistriktet uten at det vil gå kraftig på bekostning av saksbehandlingskapasiteten for de ansatte her og til enhetens evne til å ivareta fagansvaret på området for hele distriktet. *Alternativ 3* antas på nåværende tidspunkt ikke i tilstrekkelig grad i samsvar med de overordnede hensynene organiseringen skal understøtte, og en går derfor ikke nærmere inn på dette.

Oppgaveløsningen innenfor sivil rettspleie vil i både *alternativ 1* og *alternativ 2* skje desentralisert. Det vil si at arbeidet vil utføres av ansatte geografisk plassert i de forskjellige politi- og lensmannsdistriktene. Innbyggerne vil uavhengig av hvilket alternativ som velges kunne få levert begjæringer, forliksklager mv. og få veiledning i sivile saker i alle 12 politi- og lensmannsdistrikt.

Selv ved alternativ 2 hvor distriktet inndeles i fire namsdistrikt, legges det til grunn at bemanningen i det enkelte politi- og lensmannsdistrikt ikke vil bli endret. Valg av alternativ vil altså ikke innebære flytting av stillinger/arbeidsplasser fra ett kontor til et annet. Det skal uavhengig av hvilket alternativ som velges være sivilt ansatte i alle tjenestesteder i distriktet for å sørge for publikumstjenester i åpningstiden, og disse ansatte skal også jobbe med saksbehandling/veiledning innenfor sivil rettspleie.

Etter politilovens § 17 har hver namsmann (lensmann eller politistasjonssjef) namsmyndighet kun innenfor sitt lensmanns- eller politistasjonsdistrikt, og vedkommendes underordnede ansatte har som et noe forenklet utgangspunkt ikke anledning til å arbeide med sivil rettspleiesaker som er hjemmehørende i et annet lensmanns- eller politistasjonsdistrikt.

Flere av lensmannsdistriktene i Møre og Romsdal politidistrikt regnes som små når det gjelder sivil rettspleie og har få sivile ressurser. Det er de sivilt ansatte som utfører størstedelen av oppgavene innenfor sivil rettspleie i politidistriktet. I flere lensmannsdistrikter er det mellom 1 og 1,5 sivil stilling, som i tillegg til sivil rettspleie skal ivareta øvrige sivile gjøremål i enheten.

#### Alternativ 1

Alternativ 1 innebærer sårbarhet ved fravær eller der saksbehandling innen sivil rettspleie må nedprioriteres av andre grunner, fordi der i utgangspunktet ikke er andre ansatte som kan ta over oppgavene for lensmannsdistriktet. Dette vil bl.a. kunne medføre større forskjeller i saksbehandlingstid mellom de ulike namsdistriktene. Dette er ikke heldig verken av likebehandlings- og rettsikkerhetsmessige grunner. I tillegg vil skottene som består mellom namsdistriktene begrense muligheten til å fordele saker fra kommunene til forskjellige saksbehandlere etter kapasitet og kompetanse, og dermed stå i veien for kvalitativt bedre eller mer effektiv saksbehandling (ressursutnyttelse). Dersom en beholder et høyt antall namsdistrikter vil det også være større risiko for at det utvikles ulik behandling av like tilfeller/saker avhengig av hvilken kommune saken hører hjemme, siden ansvaret for styring og kontroll av namssakene er fordelt på forskjellige namsmenn. For en del sakstyper vil sakstilfanget innenfor enkelte lensmannsdistrikt være så lavt at saksbehandlerne vil få lite mengdetrening, noe som særlig kan gå ut over kvalitet, men også effektivitet ved at det tar lengre tid å få slike saker behandlet enkelte steder.

Politimesterens foreløpige vurdering er at *alternativ 2* med fire namsdistrikt i Møre og Romsdal politidistrikt fremstår som mest aktuelt og mest i tråd med de overordnede hensyn som organiseringen av sivil rettspleie skal ivareta. *Alternativ 2* ble etter en intern vurdering anbefalt av politidistriktets faggruppe for sivil rettspleie, og alternativet støttes av fagorganisasjoner og vernetjenesten i politidistriktet.

#### Alternativ 2

Dette alternativet vil bøte på flere av de svakhetene som er påpekt under beskrivelsen av alternativ 1. Fire namsdistrikt vil gjøre at det er flere sivilt ansatte å fordele sakene på. En blir ikke like sårbar ved fravær eller lignende, og publikumstilgjengeligheten øker ved at det blir flere som kan besvare henvendelser eller telefoner om sivile rettspleiesaker som gjelder sitt namsdistrikt. Ved at det er fri flyt av saker innenfor et større geografisk område vil en ventelig også få likere behandling og saksbehandlingstid uavhengig av hvilken kommune sakens parter hører hjemme. Mulighetene til styring og kontroll innenfor et større namsdistrikt styrkes og borger for mer effektiv ressursutnyttelse. Kvaliteten og dermed også partenes rettsikkerhet antas å bli styrket ved at spesielle/sjeldnere sakstyper kan fordeles til saksbehandlere med mer mengdetrening og spesialkompetanse uavhengig av ovennevnte skott mellom lensmanns- og politidistriktene. Samtidig antas en inndeling i fire å ville innebære et håndterlig kontrollspenn med hensyn til antall saker og saksbehandlere i hvert namsdistrikt. Lokal kunnskap og tilstedeværelse (tilgjengelighet for publikum) vil ivaretas ved en desentralisert oppgaveløsning slik at det for publikum vil være mulighet til å få råd/veiledning innenfor sivil rettspleie i alle 12 lensmanns- og politidistrikt.

### **Endringer i kommunestrukturen**

For samtlige alternativ vil eventuelle endringer som følge av kommunereformen som påvirker inndelingen i namsdistrikt, håndteres med grenseregulering av namsdistrikt i forkant av ikrafttredelse.

### **Avslutning**

Politimesteren skal innen 21. februar 2018 gi sin tilrådning til Politidirektoratet om hvorledes Møre og Romsdal skal inndeles i namsdistrikt. Inndeling i namsdistrikt skal drøftes lokalt i politidistriktet med de ansattes fagforeninger henhold til Hovedavtalens bestemmelser.

I forkant av dette ønsker politimesteren å motta eventuelle synspunkter på spørsmålet om inndeling i namsdistrikter fra berørte kommuner.

Frist for å sende inn høringssvar er **16. februar 2018**.

Med hilsen

**Ingar Bøen**  
*politimester*

**Marianne Frøland**  
*Prosjektleder*

*Dokumentet er elektronisk godkjent uten signatur*